



Det er 4 husvære i 2.høgda (lengst inne til høgre) som kan innflyttast no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med Hagetunet-prosjektet går raskt framover. Det gjeld ikkje berre tomannsbustadane, men også det bygget som stod der frå før og som har vore under ombygging og oppgradering. No har kommunen gjeve midlertidig bruksløyve for 4 husvære i 2. etasje.

Det gjeld husværa med numra 4,5, 6 og 7 der dei 2 første er på 57 kvadratmeter og dei 2 siste er 54 kvadratmeter. Det skal vere 7 husvære samt personalbase i i denne delen av prosjektet.

Kvinnherad Bygg på Seimsfoss har hatt også denne entreprisen - som tomannsbustadane. Igangsettingsløyve vart gjeve i november, samtidig som bruksløyve vart gjeve for 1. etasje.

Kommunen har registrert ein vesentleg mangel som ikkje er til hinder for bruksløyve, det er tilpassing til terreng og permanente ramper ved inngangspartiet. Når dette arbeidet er ferdig, kan det krevjast ferdigattest.

Av Ola Matti Mathisen